



LÆRAR OG ELEV: Ida Helen har fått oppgave som lærer, og Robin må vise kva han kan om Amerika. –Skulestova var veldig lita, men dei hadde ein stor vedovn. Og så var ikkje pultane like store. Det var fordi alle elevane på skulen gjekk i same klassen, har vi fått vite.

Med Amerika på timeplanen



FENGSEL I RÅDHUSET: Ivan og Emma prøver fengselet i "The Townhall". –Det er lite og trangt her, så det er best å kome seg ut att, er dei samde om.



I STOVA TIL LÆRAREN: Julie har funne seg til rette i gudstolen framfor peisen i lærarstova. –Bibelen var ei av få bøker på norsk dei hadde med seg. Dei ville ikkje gje slepp på morsmålet sitt, har ho lært.



I DOKTORBUSTADEN: Åshild Sunde Feyling Thorsen er guide for elevane. –Eg har funne fram 5 gjenstandar her som eg skal fortelje litt om, og kva dei representerte. Kammen t.d. fortel om hygiene, og kor viktig det var å halde seg fri for lus!



AMERIKABREV: Julia les med interesse delar av eit brev som kom til "gamlelandet". –Dei lengta nok hei til Noreg, fordi det står det mykje om i brevet. Og så står det at dei saknar den vakre naturen. Det var vel litt flatt i Minnesota, trur eg.

RADØY: 5. klassingane frå Manger hr fått i oppgave å fortelje utvandringshistoria til amerikanske elevlar.

EGIL OLSVOLD
redaksjonen@nordhordland.no

Lærar Torbjørg Jordal Kolstad har med seg 19 elevlar til utvandringscenteret på Sletta.

–Vi har kontakt med ein skule i Fergus Falls i Minnesota. Elevane skal kommunisere på nettet, både med e-post, Twitter og Skype, og lærdomen skal formidlast på ein felles blogg for dei norske og amerikanske elevane. Eit pilotprosjekt i regi av Vestnorsk utvandringscenter.

–Vi vonar det skal utvikle seg til å bli ei permanent utveksling av informasjon og skape god kontakt mellom skular og musé i regionen. Vi har god kontakt med fleire samarbeidspartnarar i Fergus Falls, så vi har grunnlaget for eit godt samarbeid vidare, seier Åshild S. F. Thorsen som er vikarierende avdelingsleiar ved senteret.

Kunnskap først

Utvandrarkyrkja er "klasserom" for elevane. Åshild er lærar, og deler kunnskapen sin med elevane. Dei har fått skriveisikapar, og noterer flittig. På utvandringscenteret skal dei få fleire oppgaver dei må løyse.

– Vi skal innom dei ulike husa. I kvart hus har eg lagt ut 5 gjenstandar som representerer eigenskapane til staden. Det skal dei finne ut meir om.

Ida Helen har fått oppgava som lærar, og Robin er elev.

– Vi har lært at Cleng Peerson var den som starta med utvandringa, og dei reiste med ein båt som vart kalla "Restauration". Det var ikkje plass til alle i Noreg. I Amerika fekk dei gratis jord, og kunne start på nytt att.

Det var tydeleg at kunnskapane var i orden.

Dei 5 symbolgjenstandane

I kvart hus fortalde Åshild historia bak dei 5 gjenstandane. Ikkje alle greidde å løyse koden for tinga dei hadde med seg på båten over havet, men med litt hjelp gjekk det bra.

–Dei kunne ikkje språket til å begynne med. Den einaste boka dei tok med var Bibelen. Kjekspakken symboliserer at dei måtte ha med eigen mat på sjøreisa. Gryta fortel om noko å lage maten i. Fiskekroken at dei kunne fiske på turen, og hammaren symboliserer reiskapane dei måtte ha for å starte på det nye livet.

Etterarbeid

Etter ein del etterarbeid, der elevane har brukt både blogg, skype og engelsk, skal dei verte i stand til å guide foreldre og besteforeldre om norsk utvandring til Amerika.